



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 03.05.2018
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 09:00 - 17:30

- Oppsett for kommunestyremøte med dialogmøte:
- Orientering / dialog frå kl 09 til ca 11 med følgjande tema:
 - NAV i endring
 - Barnehage - kvalitetsmelding og dei utrulege åra (DUÅ)
 - Skulestruktur og økonomi
 - Fensfjordbygg
 - Omsorgsbustader Hosteland
- Sandnes skule (ungdomsskuleelevane) invitert 11 - 12
- Handsaming av saker i kommunestyret frå ca 12:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordførar
Frode Langhelle	H	Medlem
Bjarte Andvik	H	Medlem
John Torsvik	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordførar
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Atle Nordland	H	Medlem
Egil Kvingedal	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Astrid Daae Kristiansen	H (frå sak 10/2018)	Atle Nordland
Tove Kristin Sleire Tistel	V	Egil Kvingedal

Følgjande frå administrasjonen møte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka

Sakliste

Saknr	Tittel
008/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/2018	Godkjenning av møtebok
010/2018	Årsrekneskap 2017 - Masfjorden kommune
011/2018	Årsmelding for Masfjorden kommune 2017
012/2018	Årsmelding kraftfondet 2017
013/2018	Finansrapportering pr. 31.12.2017
014/2018	Saldert 2018 budsjett og handlingsplan med økonomiplan 2018-2021
015/2018	Oppstart av byggeprosjekt omsorgsbustader og aktivitetssenter på Hosteland
016/2018	Kompetanseutviklingsplan for skulane 2018-19
017/2018	Kvalitetsmelding for skule og barnehage 2017-18
018/2018	Dispensasjon arealnorm Nordbygda barnehage
019/2018	Auke i stillingsheimel for hjelpepersonell ved Masfjorden legekontor
020/2018	Auke i stillingsheimlar i teneste for funksjonshemma, Svingen bu- og avlastning
021/2018	Smittevernplan for Masfjorden kommune 2018
022/2018	Alternativ organisering av NAV- tenestene i Gulen og Masfjorden
023/2018	Tannhelsetenesta - søknad om å delta i prøveprosjekt
024/2018	Høyringsuttale frå Masfjorden kommune til rapport frå ekspertutvalet som har vurdert nye oppgåver til fylkeskommunane
025/2018	Tilsyn med sal av tobakksvarer frå 01.01.18 - tilsynsavgift
026/2018	Søknad om serverings- og skjenkeløyve for Stordalen fjellstove i samband med verksemdsoverdraging
027/2018	Retningsliner for bruk av utbyggingsavtalar for Masfjorden kommune
028/2018	Kommuneplanen sin arealdel for Masfjorden 2018 – 2030 – offentleg ettersyn
029/2018	Delegerte saker
030/2018	Referatsak

Referat frå dialogmøte mellom kommunestyremedlemmene og ungdomsskuleelevane på Sandnes

Ordførar ønskte velkomen og orienterte om kvifor kommunestyremedlemmene ønskte denne dialogen.

Sondre 10.klasse:

Kvifor ønskjer kommunestyret å slå saman ungdomstrinnet? Han sa og at han ikkje ønskte ei slik samanslåing fordi han trudde miljøet ville verte dårlegare med ei slik løysing.

Ordførar svara at utgreiinga om å slå saman ungdomsskulane var heimla i oppvekstplanen som vart vedteke for 3 år sidan samt ønskje frå elevane på Nordbygda skule.

Kva er status på brua?

Ordførar svara at brusaka var forseinka i departementet og vil ikkje bli handsama før i midten av juni.

Kvifor vart skulefruktordninga fjerna når me blir bedne om å vere sunne.

Ordførar svara at det skuldast økonomi.

Johannes 10.klasse:

Det vert lang reiseveg ved samanslåing av alle tre ungdomsskulane og større kostnader på transport. Det vert og øydelegging av «gamle» tradisjonar som grendahusprosjektet. Ei samanslåing kan og føre til mindre oppfølging pr elev.

Stemminga på Sandnes er mot samanslåing.

Kva er viktig for at ungdomane på Sandnes:

- Ikkje samanslåing av ungdomsskulane
- Ta mopedlappen i skuletida
- Fleire språklege fag (valfag)
- Idrettshall / handballhall
- Skulefrukt
- Varm skulemat / stor kantine
- Skulerelaterte ekskursjonar
- Felles ungdomsplass for å vere sosiale etter skuletid

008/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

03.05.2018 KOMMUNESTYRET

Tove Kristin Sleire Tistel (V) meiner at ei innkalling til kommunestyremøte på 860 sider er for mykje. Ein bør dele dette på to møter.

Arthur Sjursen (AP) sa seg samd med V.

Frode Langhelle (H) meiner at saksmengda legg til rette for brei involvering i samband med arealplanen og at det samla sett ikkje er meir «stoff» i innkallinga enn ein bør forvente.

Ordfører Karstein Totland (H) svara at den store papirmengden i hovudsak skuldast kommuneplanen og den saka kom på sakskartet fordi formannskapet ønskte det.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

KS - 008/2018 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

009/2018: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

03.05.2018 KOMMUNESTYRET

Det vart sett fram forslag om Frode Langhelle (H) og Geir Egil Haugsvær (Sp) til å underteikne møteboka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

KS - 009/2018 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

010/2018: Årsrekneskap 2017 - Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Årsrekneskapen 2017 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Investeringsrekneskapen for 2017 er i balanse.

Driftsrekneskapen for 2017 viser eit rekneskapsmessig (overskot) mindreforbruk på kr 1 476 294,23.

Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik :

- a) kr 1.251.294,23 vert avsett til disposisjonsfond drift
- b) kr 225 000 vert sett av til velferdstiltak for tilsette.

24.04.2018 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 042/2018 VEDTAK:

Årsrekneskapen 2017 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Investeringsrekneskapen for 2017 er i balanse.

Driftsrekneskapen for 2017 viser eit rekneskapsmessig (overskot) mindreforbruk på kr 1 476 294,23.

Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik :

- a) kr 1.251.294,23 vert avsett til disposisjonsfond drift
- b) kr 225 000 vert sett av til velferdstiltak for tilsette.

03.05.2018 KOMMUNESTYRET

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) sette fram følgjande framlegg til endring i siste punkt i framlegg til vedtak:

Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik:

- a) kr 251.294,23 vert avsett til disposisjonsfond drift
- b) kr 600.000,- til trafikksikringsplanen
- c) kr 400.000,- vedlikehald kommunale vegar
- d) kr 225.000,- vert sett av til velferdstiltak for tilsette

FrP trekk forslaget sitt.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 010/2018 VEDTAK:

Årsrekneskapen 2017 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Investeringsrekneskapen for 2017 er i balanse.

Driftsrekneskapen for 2017 viser eit rekneskapsmessig (overskot) mindreforbruk på kr 1 476 294,23.

Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik :

a) kr 1.251.294,23 vert avsett til disposisjonsfond drift

b) kr 225 000 vert sett av til velferdstiltak for tilsette.

011/2018: Årsmelding for Masfjorden kommune 2017

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune si årsmelding for 2017 vert teken til vitring.

24.04.2018 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 038/2018 VEDTAK:

Masfjorden kommune si årsmelding for 2017 vert teken til vitring.

03.05.2018 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 011/2018 VEDTAK:

Masfjorden kommune si årsmelding for 2017 vert teken til vitring.

012/2018: Årsmelding kraftfondet 2017

Rådmannen sitt framlegg:

Årsmelding kraftfondet 2017 vert teken til vitring

22.03.2018 KRAFTFONDSSTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - 004/2018 VEDTAK:

Årsmelding kraftfondet 2017 vert teken til vitring

03.05.2018 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Arthur Sjursen (Ap) stilte spørsmål om det haldningsskapande kurset ungdomane våre får støtte for å delta på og ba om at ordninga vart evalulert etter tilbakemelding frå nokre av ungdomane. Kommunestyret slutta seg til dette.

Framlegg til vedtak frå kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

KS - 012/2018 VEDTAK:

Årsmelding kraftfondet 2017 vert teken til vitring

013/2018: Finansrapportering pr. 31.12.2017

Rådmannen sitt framlegg:

Finansrapporteringa pr. 31.12.2017 vert teken til vitring

24.04.2018 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 037/2018 VEDTAK:

Finansrapporteringa pr. 31.12.2017 vert teken til vitring

03.05.2018 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 013/2018 VEDTAK:

Finansrapporteringa pr. 31.12.2017 vert teken til vitring

014/2018: Saldert 2018 budsjett og handlingsplan med økonomiplan 2018-2021

Rådmannen sitt framlegg:

- Driftsbudsjettet for 2018 vert saldert og justert med følgjande forhold;**
 - Reduserer budsjettert rammetilskot med kr. 665.176
 - Eigedomsskatt 2018 vert auka opp med kr. 1.165.176 meir i inntekt.
 - Budsjettert inntekt vidaregåande skuletilbod i kommunal regi vert justert ned med 500.000
 - Fiberutbygging – 3,5 mill.kr. i kostnad, og finansiert med bruk av fond
 - Kalktiltak – netto kostnad 800.000 og bruk av fond med 800.000
 - Velferdsteknologi – netto kostnad 400.000 og finansiert med bruk av fond
 - Masfjordsambandet – framhald av arbeid og innleige av konsulentar, lagt inn 500.000 og finansiert med brufondet.
- Pkt. 2 & 3 i opphavleg 2018 budsjett vert uendra – jf. møteprotokoll og fullmakt**
- Investeringsbudsjettet 2018 vert justert slik;**

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR			
	Oppr. Budsjett 2018	Framlegg til budsjett- saldering	Endring
Investing i anlegg	44 150 000	17 850 000	27 200 000
D10000 Kommunale omsorgsbustader	300 000	300 000	0
K10000 IKT- og EDB investeringar	500 000	500 000	0
K10002 Breiband til heimar i Masfjorden	3 500 000	0	3 500 000
K22000 Idre Masfjorden barnehage - ventilasjon	1 000 000	1 000 000	0
K30001 Nordbygda skule - utbetring tak	1 000 000	1 000 000	0
K30002 Nordbygda skule - utvending rehabilitering	500 000	500 000	0
K40001 Masfjorden sjukeheim - signalanlegg	500 000	500 000	0
K51000 Bustad eldre og funksjonshemma	34 500 000	10 800 000	23 700 000
K60001 Kommunale vegar - Haugsdal gamle kai	100 000	100 000	0
K60002 Kommunale vegar - Matre, Indre Masfjorden barnehage, Bjørn-West	200 000	200 000	0
K60003 Kommunale vegar - Byrkjeland	300 000	300 000	0
K60004 Kommunale vega - Fossdalen	100 000	100 000	0
K60005 Kommunale vegar - Gunnarbuøyra	300 000	300 000	0
K65000 Bustadfelt tilrettelegging	750 000	750 000	0
K65100 Kjøp av gnr. 31 bnr. 1 feste nr. 2, 4 OG 7		900 000	
K70000 Vassforsyning	400 000	100 000	300 000
K75003 Avløp - slamavskiljar Sandnesstykket		300 000	-300 000
K75004 Avløp - oppgradering Amundsbotn	200 000	200 000	0

- Ut i frå ovannemnde investeringsplan tek Masfjorden kommune opp kr. 15.510.000 i lån til generelle investeringar i 2018, og kr. 500.000 til startlån. Låna har flytande rente og 30 års nedbetalingstid.
- Pkt. 5 i opphavleg 2018 budsjett vert uendra, og vert oppdatert med rammesak juni 2018
- Handlingsplan jf. saksutgreiing og saksvedlegg, og vert innarbeidd som del av budsjettefte 2018

7. Økonomiplan/investeringsplan 2018-2021 vert justert slik;

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR					
	opphavleg B 2018	justert B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Investering i anlegg	44 150 000	17 850 000	59 650 000	6 150 000	6 150 000
IKT-investeringar	4 000 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Kommunale bygg	3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000
Omsorgsbustadar Hosteland	34 500 000	10 800 000	32 500 000		
Fensfjordbygg			21 000 000		
Kommunale vegar	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Tomt, ks sak 35/17		900 000			
Bustadfelt - tilrettelegging	750 000	750 000	750 000	750 000	750 000
VAR	600 000	600 000	600 000	600 000	600 000

24.04.2018 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Formannskapet ønskjer at høyringsfristen for strukturending ungdomsskule vert sett til 15.09.18.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 043/2018 VEDTAK:

- Driftsbudsjettet for 2018 vert saldert og justert med følgjande forhold;**
 - Reduserer budsjettet rammetilskot med kr. 665.176
 - Eigedomsskatt 2018 vert auka opp med kr. 1.165.176 meir i inntekt.
 - Budsjettet inntekt vidaregåande skuletilbod i kommunal regi vert justert ned med 500.000
 - Fiberutbygging – 3,5 mill.kr. i kostnad, og finansiert med bruk av fond
 - Kalkiltak – netto kostnad 800.000 og bruk av fond med 800.000
 - Velferdsteknologi – netto kostnad 400.000 og finansiert med bruk av fond
 - Masfjordsambandet – framhald av arbeid og innleige av konsulentar, lagt inn 500.000 og finansiert med brufondet.
- Pkt. 2 & 3 i opphavleg 2018 budsjett vert uendra – jf. møteprotokoll og fullmakt**
- Investeringsbudsjettet 2018 vert justert slik;**

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR			
	Oppr. Budsjett 2018	Framlegg til budsjett- saldering	Endring
Investering i anlegg	44 150 000	17 850 000	27 200 000
D10000 Kommunale omsorgsbustader	300 000	300 000	0
K10000 IKT- og EDB investeringar	500 000	500 000	0
K10002 Breiband til heimar i Masfjorden	3 500 000	0	3 500 000
K22000 Idre Masfjorden barnehage - ventilasjon	1 000 000	1 000 000	0
K30001 Nordbygda skule - utbetring tak	1 000 000	1 000 000	0
K30002 Nordbygda skule - utvending rehabilitering	500 000	500 000	0

K40001 Masfjorden sjukeheim - signalanlegg	500 000	500 000	0
K51000 Bustad eldre og funksjonshemma	34 500 000	10 800 000	23 700 000
K60001 Kommunale vegar - Haugsdal gamle kai	100 000	100 000	0
K60002 Kommunale vegar - Matre, Indre Masfjorden barnehage, Bjørn-West	200 000	200 000	0
K60003 Kommunale vegar - Byrkjeland	300 000	300 000	0
K60004 Kommunale vega - Fossdalen	100 000	100 000	0
K60005 Kommunale vegar - Gunnarbuøyra	300 000	300 000	0
K65000 Bustadfelt tilrettelegging	750 000	750 000	0
K65100 Kjøp av gnr. 31 bnr. 1 feste nr. 2, 4 OG 7		900 000	
K70000 Vassforsyning	400 000	100 000	300 000
K75003 Avløp - slamavskiljar Sandnesstykket		300 000	-300 000
K75004 Avløp - oppgradering Amundsbotn	200 000	200 000	0

4. Ut i frå ovannemnde investeringsplan tek Masfjorden kommune opp kr. 15.510.000 i lån til generelle investeringar i 2018, og kr. 500.000 til startlån. Låna har flytande rente og 30 års nedbetalingstid.
5. Pkt. 5 i opphavleg 2018 budsjett vert uendra, og vert oppdatert med rammesak juni 2018
6. Handlingsplan jf. saksutgreiing og saksvedlegg, og vert innarbeidd som del av budsjettefte 2018
7. Økonomiplan/investeringsplan 2018-2021 vert justert slik;

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR

	opphavleg B 2018	justert B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Investering i anlegg	44 150 000	17 850 000	59 650 000	6 150 000	6 150 000
IKT-investeringar	4 000 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Kommunale bygg	3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000
Omsorgsbustadar Hosteland	34 500 000	10 800 000	32 500 000		
Fensfjordbygg			21 000 000		
Kommunale vegar	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Tomt, ks sak 35/17		900 000			
Bustadfelt - tilrettelegging	750 000	750 000	750 000	750 000	750 000
VAR	600 000	600 000	600 000	600 000	600 000

03.05.2018 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Rådmannen sette fram følgjande framlegg til nytt pkt 8 i framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber om at rådmannen utgreier 3 alternativ:

- 8.1 Nordbygda og Sandnes til ein ungdomsskule
- 8.2 alle 3 skular til ein felles ungdomsskule
- 8.3 Brekke / Matre og Nordbygda / Sandnes

Ein legg opp til eiga sak juni 2018. Høyring 20.06 - 01.10.18. Endeleg sak / vedtak 2.halvår 2018 om strukturending. Iversetjing skuleåret 2019/20.

Jon Hope sette fram følgjande framlegg til nytt pkt 8 i framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber om at rådmannen utgreier 2 alternativ:

8.1 Nordbygda og Sandnes til ein ungdomsskule

8.2 Då Hordaland og Sogn og fjordane no skal gå saman til eitt fylke, kan det vera naturleg å ta kontakt med Gulen, for å vurdert om Matre og Brekke kan gå saman om ein felles ungdomsskule.

Røysting:

Det vart først røysta over Krf sitt nye pkt 8

Framlegg frå Krf fall mot 5 røyster (2 røyster frå KrF, 1 røyst frå Sp (Geir Egil Haugsvær) og 2 røyster frå Ap (Bjørn Egil Nordland og Arthur Sjursen))

Det vart så røysta over rådmannen sitt framlegg til nytt pkt 8 punkt for punkt

pkt 8.1 vart samrøystes vedteke

pkt 8.2 vart vedteke mot 5 røyster (2 røyster frå KrF) 1 røyst frå Sp (Geir Egil Haugsvær) og 2 røyster frå Ap (Bjørn Egil Nordland og Arthur Sjursen)

pkt 8.3 vart samrøystes vedteke

siste setning i framlegg frå rådmannen om prosessen for denne saka vart samrøystes vedteke.

Til sist røysta ein over pkt 1 - 7 i framlegget frå formannskapet. Dette vart samrøystes vedteke

KS - 014/2018 VEDTAK:

- Driftsbudsjettet for 2018 vert saldert og justert med følgjande forhold;**
 - Reduserer budsjettet rammetilskot med kr. 665.176
 - Eigedomsskatt 2018 vert auka opp med kr. 1.165.176 meir i inntekt.
 - Budsjettet inntekt vidaregåande skuletilbod i kommunal regi vert justert ned med 500.000
 - Fiberutbygging – 3,5 mill.kr. i kostnad, og finansiert med bruk av fond
 - Kalkiltak – netto kostnad 800.000 og bruk av fond med 800.000
 - Velferdsteknologi – netto kostnad 400.000 og finansiert med bruk av fond
 - Masfjordsambandet – framhald av arbeid og innleige av konsulentar, lagt inn 500.000 og finansiert med brufondet.
- Pkt. 2 & 3 i opphavg 2018 budsjett vert uendra – jf. møteprotokoll og fullmakt**
- Investeringsbudsjettet 2018 vert justert slik;**

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR			
	Oppr. Budsjett 2018	Framlegg til budsjett-saldering	Endring
Investering i anlegg	44 150 000	17 850 000	27 200 000
D10000 Kommunale omsorgsbustader	300 000	300 000	0
K10000 IKT- og EDB investeringar	500 000	500 000	0
K10002 Breiband til heimar i Masfjorden	3 500 000	0	3 500 000
K22000 Idre Masfjorden barnehage - ventilasjon	1 000 000	1 000 000	0
K30001 Nordbygda skule - utbetring tak	1 000 000	1 000 000	0
K30002 Nordbygda skule - utvending rehabilitering	500 000	500 000	0
K40001 Masfjorden sjukeheim - signalanlegg	500 000	500 000	0
K51000 Bustad eldre og funksjonshemma	34 500 000	10 800 000	23 700 000
K60001 Kommunale vegar - Haugsdal gamle kai	100 000	100 000	0
K60002 Kommunale vegar - Matre, Indre Masfjorden barnehage, Bjørn-West	200 000	200 000	0
K60003 Kommunale vegar - Byrkjeland	300 000	300 000	0
K60004 Kommunale vega - Fossdalen	100 000	100 000	0

K60005 Kommunale vegar - Gunnarbuøyra	300 000	300 000	0
K65000 Bustadfelt tilrettelegging	750 000	750 000	0
K65100 Kjøp av gnr. 31 bnr. 1 feste nr. 2, 4 OG 7		900 000	
K70000 Vassforsyning	400 000	100 000	300 000
K75003 Avløp - slamavskiljar Sandnesstykket		300 000	-300 000
K75004 Avløp - oppgradering Amundsbotn	200 000	200 000	0

4. Ut i frå ovannemnde investeringsplan tek Masfjorden kommune opp kr. 15.510.000 i lån til generelle investeringar i 2018, og kr. 500.000 til startlån. Låna har flytande rente og 30 års nedbetalingstid.
5. Pkt. 5 i opphavleg 2018 budsjett vert uendra, og vert oppdatert med rammesak juni 2018
6. Handlingsplan jf. saksutgreiing og saksvedlegg, og vert innarbeidd som del av budsjettefte 2018
7. Økonomiplan/investeringsplan 2018-2021 vert justert slik;

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR

	opphavleg B 2018	justert B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Investering i anlegg	44 150 000	17 850 000	59 650 000	6 150 000	6 150 000
IKT-investeringar	4 000 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Kommunale bygg	3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000
Omsorgsbustadar Hosteland	34 500 000	10 800 000	32 500 000		
Fensfjordbygg			21 000 000		
Kommunale vegar	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Tomt, ks sak 35/17		900 000			
Bustadfelt - tilrettelegging	750 000	750 000	750 000	750 000	750 000
VAR	600 000	600 000	600 000	600 000	600 000

8. Kommunestyret ber om at rådmannen utgreier 3 alternativ:

- 8.1 Nordbygda og Sandnes til ein ungdomsskule
- 8.2 alle 3 skular til ein felles ungdomsskule
- 8.3 Brekke / Matre og Nordbygda / Sandnes

Ein legg opp til eiga sak juni 2018. Høyring 20.06 - 01.10.18. Endeleg sak / vedtak 2.halvår 2018 om strukturending. Iversetjing skuleåret 2019/20.

015/2018: Oppstart av byggeprosjekt omsorgsbustader og aktivitetssenter på Hosteland

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune startar opp byggeprosjekt av 10 nye omsorgsbustadar med tilknytta aktivitetssenter på Hosteland. Prosjektet følgjer retningslinjer jf. økonomireglementet.

24.04.2018 FORMANNSKAPET

Helse og omsorgsleiar Helga Ellingsen og teknisk sjef Roald Kvingedal møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 033/2018 VEDTAK:

Masfjorden kommune startar opp byggeprosjekt av 10 nye omsorgsbustadar med tilknytta aktivitetssenter på Hosteland. Prosjektet følgjer retningslinjer jf. økonomireglementet.

03.05.2018 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 015/2018 VEDTAK:

Masfjorden kommune startar opp byggeprosjekt av 10 nye omsorgsbustadar med tilknytta aktivitetssenter på Hosteland. Prosjektet følgjer retningslinjer jf. økonomireglementet.

016/2018: Kompetanseutviklingsplan for skulane 2018-19

Rådmannen sitt framlegg:

Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden for 2018-19 vert vedteken slik han ligg føre.

22.03.2018 ADMINISTRASJONSUTVALET

Oppvekstleiar Alf Strand orienterte kort om planen.

Saka vart drøfta.

Tillegg til vedtak frå administrasjonsutvalet:

Vidareutdanning innan IKT vil vere viktig for å oppfylle digitale ferdigheiter hos elevane.

Framlegg til vedtak frå rådmannen med tillegg frå administrasjonsutvalet vart samrøystes vedteke.

AU - 005/2018 VEDTAK:

Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden for 2018-19 vert vedteken slik han ligg føre.
Vidareutdanning innan IKT vil vere viktig for å oppfylle digitale ferdigheiter hos elevane.

22.03.2018 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå administrasjonsutvalet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 021/2018 VEDTAK:

Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden for 2018-19 vert vedteken slik han ligg føre.
Vidareutdanning innan IKT vil vere viktig for å oppfylle digitale ferdigheiter hos elevane.

03.05.2018 KOMMUNESTYRET

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 016/2018 VEDTAK:

**Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden for 2018-19 vert vedteken slik han ligg føre.
Vidareutdanning innan IKT vil vere viktig for å oppfylle digitale ferdigheiter hos elevane.**

017/2018: Kvalitetsmelding for skule og barnehage 2017-18

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule- og barnehageåret 2017-18 og tek meldinga til orientering.

24.04.2018 FORMANNSKAPET

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 030/2018 VEDTAK:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule- og barnehageåret 2017-18 og tek meldinga til orientering.

03.05.2018 KOMMUNESTYRET

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 017/2018 VEDTAK:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule- og barnehageåret 2017-18 og tek meldinga til orientering.

018/2018: Dispensasjon arealnorm Nordbygda barnehage

Rådmannen sitt framlegg:

Nordbygda barnehage får dispensasjon frå arealnorma i vedtektene i den perioden som det blir søkt om.

22.03.2018 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 022/2018 VEDTAK:

Nordbygda barnehage får dispensasjon frå arealnorma i vedtektene i den perioden som det blir søkt om.

03.05.2018 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 018/2018 VEDTAK:

Nordbygda barnehage får dispensasjon frå arealnorma i vedtektene i den perioden som det blir søkt om.

019/2018: Auke i stillingsheimel for hjelpepersonell ved Masfjorden legekantor

Rådmannen sitt framlegg:

Stillingsheimel for hjelpepersonell ved Masfjorden legekantor blir auka med 30% fast stilling frå 01.04.18

22.03.2018 ADMINISTRASJONSUTVALET

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Administrasjonsutvalet ynskjer ei breiare utgreiing over kva stillinga skal nyttast til og kva kompetanse som er ynskjeleg.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AU - 003/2018 VEDTAK:

Stillingsheimel for hjelpepersonell ved Masfjorden legekantor blir auka med 30% fast stilling frå 01.04.18

22.03.2018 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak frå administrasjonsutvalet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 019/2018 VEDTAK:

Stillingsheimel for hjelpepersonell ved Masfjorden legekantor blir auka med 30% fast stilling frå 01.04.18

03.05.2018 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 019/2018 VEDTAK:

Stillingsheimel for hjelpepersonell ved Masfjorden legekantor blir auka med 30% fast stilling frå 01.04.18

020/2018: Auke i stillingsheimlar i teneste for funksjonshemma, Svingen bu- og avlastning

Rådmannen sitt framlegg:

Stillingsheimlar i teneste for funksjonshemma v/ Svingen bu- og avlastning blir utvida frå 10 årsverk til 13 årsverk frå 01.05.18.

Finansiering:

- 1 årsverk er innarbeida i budsjett 2018, på grunn av engasjement stillingar.
- 2 årsverk blir finansiert gjennom omprioritering av ressursar frå Masfjorden sjukeheim, og innarbeida i budsjett.

22.03.2018 ADMINISTRASJONSUTVALET

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AU - 004/2018 VEDTAK:

Stillingsheimlar i teneste for funksjonshemma v/ Svingen bu- og avlastning blir utvida frå 10 årsverk til 13 årsverk frå 01.05.18.

Finansiering:

- 1 årsverk er innarbeida i budsjett 2018, på grunn av engasjement stillingar.
- 2 årsverk blir finansiert gjennom omprioritering av ressursar frå Masfjorden sjukeheim, og innarbeida i budsjett.

22.03.2018 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak frå administrasjonsutvalet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 020/2018 VEDTAK:

Stillingsheimlar i teneste for funksjonshemma v/ Svingen bu- og avlastning blir utvida frå 10 årsverk til 13 årsverk frå 01.05.18.

Finansiering:

- 1 årsverk er innarbeida i budsjett 2018, på grunn av engasjement stillingar.
